
Saksnr: 2021/26643-2
Saksbehandlar: Yrla Klein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.09.21

Høyringsuttale - Forslag til endringar i universitets- og høgskulelova - fagskolelova og opplæringslova

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek høyringsframlegget slik det går fram av saksframstilling

Samandrag

Kunnskapsdepartementet sendte framlegg til endringar i universitets- og høgskulelova - fagskolelova og opplæringslova på høyring. Høyringsnotatet del 1 inneheld framlegg til endringar slik at ordningane som i dag ligg i NOKUT for generell godkjenning av utanlandsk høgare utdanning og utanlandsk fagskuleutdanning, samt godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring, kan bli overført til det nye Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse.

Høyringsnotatet del 2 gjeld endringar i universitets- og høgskuleloven som skal styrke studentane sine rettigheter, og ligg utanfor fylkeskommunens oppgåver. Denne delen av notatet er difor ikkje vurdert.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Komplett oversikt over høyringsnotatet kan hentast på regjeringa.no. Høyringsfrist er satt til 02.10.21. Fylkeskommunedirektøren har rådført seg med fagskulen om høyringsnotatet, som støttar forslag til endringane.

Vedtakskompetanse

I reglement for folkevalde organ og delegering under reglar for fylkesutvalet ptk 6. er fylkesutvalet delegert mynde til å gje fråsegn på vegne av fylkeskommunen.

Vurderingar og verknader

Fylkeskommunedirektøren for Vestland har vurdert endringsframlegget, del 1, om ei overføring av ordningane for generell godkjenning av utanlandsk høgare utdanning, utanlandsk fagskuleutdanning, samt godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring frå NOKUT til det direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. Fylkeskommunedirektøren støttar dette endringsframlegget.

Fylkeskommunedirektøren støttar intensjonen med å samle oppgåvene og sikre einskapleg organisering og styring samt god forvaltningsskikk for godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring. Fylkeskommunedirektøren meiner kvaliteten på godkjenningsordninga vert betre ivareteken om både oppgåver og ansvar vert samla til direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. Fylkeskommunedirektøren støttar også departementet si vurdering om trong for rydding i det rettslege grunnlaget for godkjenningsoppgåver. I dag skal utvalde godkjenningsoppgåver handsamast av eit fagleg uavhengig NOKUT, medan andre oppgåver er reine forvaltningsoppgåver og fell inn under departementets ansvar. Endringsframlegget legg til grunn at all godkjenning av utanlandsk utdanning er enkeltvedtak og skal handsamast i tråd med reglane i forvaltningslova og dermed ligg under departementets ansvar. Eit enkeltvedtak kan påklages, og bli handsama av ein ugild klageinstans.

Økonomi:

Ingen verknad

Klima:

Ingen verknad

Folkehelse:

Ingen verknad

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ingen verknad

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren støttar Kunnskapsdepartementets forslag til endringar i universitets- og høgskulelova, fagskulelova og opplæringslova med å legge ansvaret for godkjenning av utanlandsk høgare utdanning og utanlandsk fagskuleutdanning, samt godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring til direktoratet for høyere utdanning og kompetanse.